



**Naturtypekartlegging i HAFS – kommunane i Sogn og Fjordane med
særskilt vekt på kulturlandskap. Tilleggsundersøkingar hausten 2004.**

Miljøfaglig Utredning, rapport 2005: 10

Miljøfaglig Utredning AS

Rapport 2005:10

| | | |
|---|---|--------------------------------------|
| Utførande institusjon: Miljøfaglig Utredning AS | Kontaktperson: Finn Oldervik | ISBN-nummer: 82-8138-046-2 |
| Prosjektansvarleg: Geir Gaarder | Finansinert av: HAFS - kommunane | Dato: Februar 2005 |
| Referanse: Oldervik, F. 2005. Naturypekartlegging i HAFS – kommunane i Sogn og Fjordane med særskilt vekt på kulturlandskap. Tilleggsundersøkingar hausten 2004. <i>Miljøfaglig Utredning Rapport 2005:10</i> | | |
| Referat: Det er utført supplerande kartlegging av verdifulle naturtypar i HAFS-kommunane i Sogn og Fjordane (Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad og Solund). Det er spesielt naturbeitemarker som er vektlagt. For alle lokalitetar er naturkvalitetane skildra, områda avgrensa og verdsetting gjort etter Direktoratet for naturforvaltning sin metodikk. Rapporten tek for seg i alt 33 lokalitetar med ulik verdi. | | |
| 4 emneord: Beitemarkssopp Biologisk mangfold Kulturlandskap Naturbeitemarker | | |

Samandrag

Miljøfaglig Utredning AS har på oppdrag frå HAFS-kommunane i Sogn og Fjordane utført ei tilleggskartlegging av naturtypar i dei aktuelle kommunane. Arbeidet vart utført kring midten av oktober hausten 2004, for det meste av Finn Oldervik.

Meininga med denne rapporten har først og fremst vore å gje ei skildring av verdfulle naturbeitemarker, slik at den kommunale forvaltninga kunne få ein reiskap for å vita kor ein best kunne setja inn ulike tiltak for å ta vare på desse verdiene. Ein tenkjer her m.a. på tildeling av såkalla SMIL-midlar og liknande. Nærast som eit biprodukt av registreringa av naturbeitemarker er det også teke med nokre andre naturtypar der det har vore naturleg.

Det er i dei to kommunane Askvoll og Solund at registreringane har gjeve best resultat, medan resultatet for Fjaler og Hyllestad er heller dårlig. I Gulen kommune vart 4 lokalitetar undersøkt av Bjørn Harald Larsen og Geir Gaarder i slutten av september. Desse lokalitetane er også tekne med her. Kor vidt dette resultatet er tilfeldig eller ikkje er vanskeleg å seia. Om ein skal gissa på ein årsak, så kan det vera at det har noko med at dei to førstnemnde kommunane er meir kystprega enn dei andre og at dei fleste beitemarkane ligg nær sjøen. I område der mange av beitemarkane ligg høgre over havet i form av til dømes eldre seterstølar, så vart denne registreringa utført for seint på året for å kunne registrera dei såkalla beitemarkssoppene. Frosten hadde nok alt øydelagt soppene her. Det same gjeld beitemarker som ligg noko oppe i dalane. Det kan og vera at det har vore sterkare tradisjon for bruk av kunstgjødsel i nokre av kommunane. Som kjent tåler både naturengplantane og beitemarkssoppene slik gjødsling därleg.

Potensialet for å finna fleire verdfulle naturbeitemarker er truleg størst i dei kommunane der det vart funne minst ved denne inventeringa. I ein kommune som Solund er det neppe særleg meir å henta når det gjeld talet på lokalitetar. Derimot har fleire av dei registrerte lokalitetane potensiale for funn av fleire raudlista beitemarkssoppar. I Askvoll er det kanskje først og fremst på dei vestlegaste øyane, Værlandet og Bulandet at det er potensiale for fleire verdfulle lokalitetar. Denne gongen strakk ikkje tida til for å kunne kartleggja desse øyane. I dei tre kommunane Fjaler, Hyllestad og Gulen er det truleg best potensiale i litt høgareliggende dalstrokk, men det kan og vera andre stadar ein har oversett.

Ei eventuell ny inventering bør gjerast litt tidlegare på året, til dømes i midten av september. Slik vil ein også kunne få registrert nokre av dei talrike raudskivesoppene som ofte finst i naturbeitemarkene.

Tabell nr. 1. Tabell med tal på undersøkte lokalitetar, fordelt på kommunar og naturverdi.

| Kommune | Tal på lokalitetar | Uprioriterte lokalitetar | Lokalt viktige lokalitetar | Viktige lokalitetar | Særsviktige lokalitetar |
|-----------|--------------------|--------------------------|----------------------------|---------------------|-------------------------|
| Askvoll | 10 | 3 | 2 | 1 | 4 |
| Fjaler | 5 | 0 | 3 | 2 | 0 |
| Gulen | 4 | 2 | 2 | 0 | 0 |
| Hyllestad | 4 | 3 | 0 | 1 | 0 |
| Solund | 10 | 2 | 2 | 3 | 3 |
| Sum | 33 | 10 | 9 | 7 | 7 |

Innhald

| | |
|--|----|
| <u>Samandrag</u> | 3 |
| <u>Innhald</u> | 4 |
| <u>Bakgrunn og metoder</u> | 5 |
| <u>1 Hyllestad kommune</u> | 7 |
| <u>2 Askvoll kommune</u> | 9 |
| <u>3 Fjaler kommune</u> | 14 |
| <u>4 Solund kommune</u> | 17 |
| <u>5 Gulen kommune</u> | 23 |

Bakgrunn og metoder

På oppdrag frå HAFS – kommunane og Gulen kommune i Sogn og Fjordane vart det hausten 2004 utført ei kartlegging av verdfull natur i dei fem kommunane med fokus først og fremst retta mot ugjødsla beitemarker i god hevd. Feltarbeidet vart utført i tida 10. til 20. oktober 2004 av Finn Oldervik, stort sett under gode vertilhøve. I tillegg undersøkte Geir Gaarder og Bjørn Harald Larsen nokre område i Gulen kommune den 29. september. Geir Gaarder utførte også noko feltarbeid tidlegare på hausten i Hyllestad kommune, men dette materialet er teke med i Terje Systad si hovudoppgåve (Systad 2004) og er difor ikkje inkludert her. Arbeidet var konsentrert omkring førekommst av såkalla beitemarksartar, særleg av sopp, men også av karplantar. Det vart teke belegg av alle raudlistefunn og også nokre andre artar. Desse er for det meste sendt til soppherbariet til Botanisk museum på Tøyen i Oslo. For dei prioriterte lokalitetane er det kome med framlegg om skjøtselstiltak og omsyn.

Som metodegrunnlag for namnsetting og verdisetting av lokalitetane vart nytta DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 1999b) og som støttekjelder Fremstad & Moen (red.) 2001 og Fremstad 1997. (Sjå litteraturliste i ”Kjelder”). For å kunna namnsetja vokssoppene (Hygrocybe) har ein mest nytta: Boertmann 1995, medan ein for raudskivesoppene (Entoloma) har nytta Noordeloos 1992 og 1994. For andre artar er hovudsakleg nytta Nordic Macromycetes (Hansen & Knudsen 1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsen (1984).

Både under feltarbeidet og ved presentasjonen av resultata er det fokusert relativt mykje på førekommst av raudlisteartar samt andre sjeldne og kravfulle ikkje-raudlista artar. Årsaka er at dette vil være arter som det er særskilt viktig å prioritere i ein forvaltingssamanheng.

Rapporten følgjer den offisielle norske raudlista (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Tabell nr. 2. Raudlistekategoriar i den norske raudlista.

| Kategori | Fakta |
|--|--|
| Utrydda Ex (Extinct) | Artar som er utgått som reproduserande i landet. Omfattar stort sett artar som ikkje er påvist siste 50 år, artar som er dokumentert utgått, eller arter der alle kjente lokalitetar er dokumentert øydelagt. |
| Direkte truga E (Endangered) | Artar som står i fare for å dø ut i nærmeste framtid dersom dei negative faktorane held fram å verka. Populasjonane er sterkt redusert og/eller mange av leveområda er øydelagt. |
| Sårbar V (Vulnerable) | Artar med sterkt tilbakegang, som raskt kan gå over i gruppa direkte truga dersom den negative påverknaden held fram å verka. Artar med sterkt tilbakegang i utbreiing og/eller populasjonsstorlek vert ofte ført hit. |
| Sjeldan R (Rare) | Sjeldne artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon pga. liten populasjon eller spreidd og avgrensa utbreiing. |
| Omsynskrevjande DC (Declining, Care demanding) | Artar som ikkje tilhører kategori E, V eller R, men som pga. tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak. |
| Bør overvakast DM (Declining, Monitor species) | Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som truga. For desse artane er det grunn til overvakning av situasjonen. |

Tabell nr. 3. Kriterium som er lagt til grunn for verdsetting av lokalitetar

| Kjelde | Særs viktig | Middels viktig | Lokalt viktig |
|--|---|--|--|
| Naturypar (Kjelde: DN handbok 1999-13 og St.meld 8 (1999-2000)) | Store og/eller intakte områder med naturypar som er truga | - Små og/eller delvis intakte områder med naturypar som er truga - Større og/eller intakte områder med naturypar som er omsynskrevjande | - Små og/eller delvis intakte områder med naturypar som er omsynskrevjande - Andre registrerte naturområdar/naturypar som lokalt utgjer noko positivt for det biologiske mangfaldet |
| Vilt (Kjelde: | Svært viktige | Viktige viltområdar | Registrerte viltområdar |

| | | | |
|--|---|---|--|
| DN handbok 1996-11) | viltområdar | | med verdi sett frå ein lokal ståstad. |
| Ferskvatn (Kilde: DN handbok 2000-15) | Sjå detaljert inndeling i handboka (inndeling for: viktige populasjoner av ferskvassfisk (som laks og storauge), lokalitetar ikkje påverka av utsett fisk og lokalitetar med opphavlege plante- og dyresamfunn) | | |
| Raudlista artar (Kjelde: DN-rapport 1999-3) | Artar i kategoriane "direkte truga", "sårbar" eller "sjeldan", eller der det er grunn til å tru at slike finst | - Artar i kategoriane "omsynskrevjande" eller "bør overvakast", eller der det er grunn til å tru at slike finst - Artar som står på den regionale raudlista | Leveområde for artar som lokalt er uvanlege |
| Truga vegetasjonstypar (Kjelde: Fremstad & Moen 2001) | Store og/eller intakte område med vegetasjonstypar i kategoriane "akutt truga" og "sterkt truga" | - Små og/eller delvis intakte område med vegetasjonstypar i kategoriane "akutt truga" og "sterkt truga" - Store og/eller intakte område med vegetasjonstypar i kategoriane "noko truga" og "omsynskrevjande" | Små og/eller delvis intakte område med vegetasjonstypar i kategorien "noko truga" og "omsynskrevjande" |
| Lovstatus (Kjelde: Ymse verneplanarbeid) | - Område verna eller tilrådd verna - Område som er tilrådd verna, men ikkje teke til følgje grunna storleik eller omfang | - Område som er vurdert, men ikkje verna etter naturvernloven, og som er funne å ha lokal/regional naturverdi - Lokale verneområde (Pbl.) | Område som er vurdert, men ikkje verna etter naturvernloven, og som er funne å ha berre lokal naturverdi |

Tabell nr. 3 viser kva for kriterium som er lagt til grunn for verdsetjinga. Om ein lokalitet ikkje oppfyller nokon av desse kriteria så vert han omtala som *uprioritert/utan særskilt biologisk verdi..*

Etter at lokalitetane er registrerte og verdsette, så vert dei teikna inn og avgrensa på økonomisk kartverk 1 : 5000.

1 Hyllestad kommune

I dagane 13. og 14. okt. 2004 vart nokre beitemarker samt eit par andre naturtypar undersøkt i Hyllestad kommune i Sogn og Fjordane fylke. Særleg var ein ute etter å kartleggja fungaen av beitemarkssopp. Dei fleste av beitemarkene hadde tydeleg vore hevda i svært lang tid, men dverre hadde det vore bruka eller var framleis bruka kunstgjødsel på dei fleste av beitene. Mange var så tydeleg gjødsla at det var nok å bruka kikkert for å stadfesta at det var slik. Desse vart ikkje undersøkt nærmare og vil heller ikkje verta omtala i denne rapporten. Nokre få vart fysisk oppsøkt og granska nærmare både med omsyn til flora og funga. Ingen av dei oppsøkte beitemarkene var av ein slik kvalitet at dei får lokal verdi eller betre.

Følgjande lokalitetar vart grundigare undersøkt:

1. Skifjorden

UTM (wgs84): KN 905 972 ca 20 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 14. okt. 2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg på vestsida av Skifjorden rett ned for vegen ikkje langt frå fjordbotnen. Det var fint beita på lokaliteten og trass i at det tydeleg var gjødsla, så var det litt finnskjegg, gulaks og lækjeveronika einskilde stadar. Likevel vart det ikkje funne beitemarkssopp her. Lokaliteten er ganske liten og saman med mangelen på beitemarkssopp, gjer at ein ikkje har funne det rett å prioritera han.

Verdivurdering: Slik lokaliteten framstår no, så er den utan særlege biologiske verdiar.

Uprioritert.

2 Sørbøvågen (KN 95 94) Beitemarker.

UTM (wgs84): KN 95 94

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtyper: Beitemarker

Undersøkt i kikkert: 14. okt..2004 av Finn Oldervik

I Sørbøvågen var det ganske store områder med beitemark. Diverre verka alle meir eller mindre gjødsla. Ein valde difor ikkje å undersøkja desse grundigare.

Verdivurdering: Datagrunnlaget er spinkelt for ei verdsetjing av desse lokalitetane, men ein vel å setja uprioritert på alle

3. Ytrehatleim I i Sørefjorden (Åfjorden)

UTM (wgs84): KN 992 919 ca 120 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 14. okt. 2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring: Lokaliteten ligg oppe på ein åskam og strekkjer seg i retning Botnen. Denne beitemarka hadde same symptoma som så mange andre beitemarker i denne regionen. Trass i at det ikkje var fritt for naturengplanter, så var det ikkje muleg å finna ein einaste beitemarkssopp. Årsaka var utan tvil også her bruk av kunstgjødsel.

Verdivurdering: Lokaliteten er for sterkt gjødsla til at det er rett å bruka omgrepet; naturbeitemark. Verdsetjinga vert difor; *Uprioritert.*

4. Ytrehatleim II i Sørefjorden (Åfjorden)

UTM (wgs84): KN 993 917 ca 50 – 120 m.o.h

Hovudnaturtypar: Skog, Kulturmork

Naturtypar: Gammal edellauvskog, rike hasselkratt, skogsbeite.

Undersøkt: 14. okt. 2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring: Dette er ei bratt li som ligg ned for lokalitet nr. 3 i Hyllestad. Det dominerande treslaget er svartor, men ein finn også andre artar som hegg, bjørk og øvst, også hassel. I delar av området verkar skogen gammal og det er stadvis ganske mykje daudved. Den øvre delen av lokaliteten er truleg tidlegare slåttemark i gjengroing. Engprega parti med ganske mykje sølvbunke tyder på det. Det vart ikkje notert særskilt interessante planteartar, men slike biotopar som denne har ofte ein rik flora av typiske vårplanter. Ein vil difor koma med framlegg om at lokaliteten vert undersøkt om våren. Uansett så vil lokaliteten vera viktig både for fugle- og planteliv. Kanskje også for funga. Fleire gamle steingjerder i området fortel om gammal kulturmark.

Verdivurdering: Sjølv om datagrunnlaget er spinkelt, så vil ein likevel ut frå generelle vurderingar setja verdien til *Viktig* – **B**.

Skjøtsel og omsyn: Truleg treng ikkje lokaliteten særskilt skjøtsel, men ein bør unngå all hogst på lokaliteten. Ei viss beiting på lokaliteten trur ein kan vera positivt.

2 Askvoll kommune

I dagane 11. til 13. okt. 2004 vart ein del beitemarker undersøkt i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane fylke. Særleg var ein ute etter å kartleggja fungaen av beitemarkssopp. Svært mange av beitemarkene hadde tydeleg vore hevda i svært lang tid, men diverse hadde det vore bruka eller var framleis bruka kunstgjødsel på dei fleste av beitene. Mange var så tydeleg gjødsla at det var nok å bruka kikkert for å stadfesta at det var slik. Desse vart ikkje undersøkt nærmere og vil heller ikkje verta omtala i denne rapporten. Ein del andre vart fysisk oppsøkt og granska nærmere både med omsyn til flora og funga. Sjølv om berre eit fåtal av beitemarkene hadde lokal verdi eller betre, så vil alle undersøkte få ein kort omtale i dette oversynet.

Følgjande beitemarker vart grundigare undersøkt:

1. Eikeneset – Hyllset.

UTM (wgs84): LP 010 093

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark og hagemark

Undersøkt: 11.okt. 2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg på øversida av vegen mellom Eikeneset og Hyllset. Det meste av dette området er svært bratt. I øvre delen er det ein god del ganske gammal styva alm. Jorda er tydeleg gjødsla med innslag av både høy mole og sølvbunke. Einskilde stader veks det litt smalkjempe og hårvæve, men heller ikkje i desse partia fann ein nokon beitemarkssopp. Berre kjeglevokssopp *Hygrocybe conica* vart funnen. Mangelen på naturengplanter og beitemarkssopp gjer at lokaliteten ikkje kan gjevast nokon verdi som naturbeitemark.

Verdivurdering: Området er tydelig gjødsla. Innslaget av nitrofile artar er for stort til at dette kan kallast *naturbeitemark*. Ingen særskilt naturverdi.

(Lokaliteten er ikkje vurdert som hagemark her.)

2. Midtbøen (Rivedal).

UTM (wgs84): KP 998 102

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 11.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Den undersøkte beitemarka ligg nord for Midtbøen opp mot den bratte Rivedalskletten. Ein lokal informant fortalte at beitemarka no vart nytta til hestebete. Ho fortalte vidare at det er bruka lite kunstgjødsel på beitet no, men at det hadde vore bruka ein del tidlegare. Inventeringa fortalte at gjødslinga i si tid hadde vore ganske hard. Det var få naturengplanter å finna på lokaliteten. Kystmaure var ein dominerande art. Av beitemarkssopp vart berre seig vokssopp *Hygrocybe laeta* og skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea* funne. Deler av beitemarka var i ferd med å gro igjen av einer.

Verdivurdering: I og med at det er slutt på gjødslinga og at beitinga vert halden i hevd, så har ein funne det rett å vurdera beitemarka som **lokalt viktig – C**.

Skjøtsel og omsyn: Det hadde vore ein fordel om det meste av eineren som spreier seg kunne ha vorte fjerna. Vidare er det viktig at beitinga held fram, og at ein ikkje byrjar å bruka kunstgjødsel på lokaliteten.

3. Oslandsbotnen. (KP 989 161)

UTM (wgs84): KP 989 161

Hovudnaturtype: Kulturmark

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 11.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Dette er ein gammal buplass i den søraustlege enden av Oslandsvatnet. Lokaliteten er tydeleg beita, men har truleg vore litt gjødsla, i alle fall tidlegare. Av naturengplantar kan nemnast; finnskjegg, kystmaure, smalkjempe, geitsvingel, kattefot, fjellmarikåpe, legeveronika, blåklokke, svartknoppurt, hårsvæve og vill-lin. Følgjande beitemarkssopp var funne: Skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, honningvokssopp *Hygrocybe reidii* og kritvokssopp *Hygrocybe virginea*.

Verdivurdering: Alle vokssoppene som vart funne på lokaliteten er relativt vanlege artar. Såpass krevjande naturengplantar som vill-lin og kattefot m.fl. vitnar likevel om noko rikare jordsmonn enn det som er vanleg i området. Ein reknar difor at potensialet for funn av raudlista sopp er ganske stort. Ut frå dette vel ein å setja verdien av området til; **Viktig – B.**

Skjøtsel og omsyn: Plantelivet fortel om ein noko rikare berggrunn/jordsmonn enn det som er vanleg i området, og opphør av eventuell gjødsling kan gjera at fleire soppartar vil dukka opp. Beitinga må difor halda fram, -- gjerne med noko høgare beitetrykk enn hittil. Bruk av kunstgjødsel må ikkje førekoma på lokaliteten.

4. Leknes. (LP 088 208)

UTM (wgs84): LP 088 208

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 11.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Dette er ei stor og til dels uoversiktleg beitemark opp for (vest for) Lekneshardane ved Førdefjorden. Alt med kikkert kunne ein konstatera at sentrale delar av området var gjødsla. Vona var at ein kunne finna kantsoner som hadde unngått gjødsling. Ein valde difor å undersøkja beitemarka grundigare. Det viste seg imidlertid at den som hadde gjødsla her hadde gjort jobben grundig. Få til ingen naturengplanter og det same med beitemarkssopp (kystmaure og kjeglevokssopp).

Verdivurdering: Ingen særskilt naturverdi., -- *Uprioritert*.

5. Brurastakken

UTM (wgs84): KP 806 076

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 12.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Denne lokaliteten omfattar den sørlege delen av den store beitemarka aust for Skardvikenova på Atløyna. Her veksla det noko mellom lyng og grasmark og i alle fall i deler av lokaliteten hadde det vore brukta lite/ikkje kunstgjødsel. Dette såg ein tydeleg både på plantelivet og fungaen. Av naturengplanter kan nemnast; Finnskjegg (mykje sume stader), legeveronika, blåklokke, tepperot, gulaks, kystmaure, geitsvingel m.m. Av beitemarkssopp vart følgjande artar funne: Bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris* (grasmarksart), glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* (DC), svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum*, stjernespora raudskivesopp *Entoloma conferendum* (grasmarksart), skjeljordtunge *Geoglossum fallax* (DC), brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* (DC), skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea*, honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V) og svartlodnetunge *Trichoglossum hirsutum*.

Verdivurdering: Funn av ein sårbar og 3 omsynskrevjande artar ved eit besøk må reknast som bra. Fleire inventeringar i seinare år vil truleg utvida talet på raudlisteartar vesentleg og potensialet må reknast som godt. Beitemarka må få verdien : *Svært viktig – A.*

Skjøtsel og omsyn: Eventuell bruk av gjødsel på denne lokaliteten må opphøyra og beitinga må halda fram slik som no. Beitetrykket såg litt svakt ut einskilde stadar, men det er muleg at det er høgt nok til å vedlikehalda kvalitetane ved denne beitemarka.

6. Skardviknova

UTM(wgs84): KP 806 080

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 12.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Beitemarka omfattar den nordlege delen av beitemarka mellom Skardviknova og vegen. Ho er skild frå ”Brurastakken” med eit gjerde. Slik som på førre lokaliteten, så veksla det noko mellom lyng- og grasmark. Det var mest i dei øvre partia at det var grasmark. Noko einer hadde vokse opp i nokre områder av lokaliteten. Av naturengplanter kan ein nemna; Finnskjegg, legeveronika, smalkjempe, blåklokke, tepperot, gulaks, geitsvingel og kystmaure. Følgjande beitemarkssoppar vart funne: Bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, skjeljordtunge *Geoglossum fallax*(DC), skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mørjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea*, raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (DC), honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V) og kritvokssopp *Hygrocybe virginea*.

Verdivurdering: Sjølv om artsutvalet avvik litt frå nabolokaliteten, så er ikkje forskjellen særleg stor. Ut frå funn av m.a. raudlista, sårbar sopp så må også denne lokaliteten må få verdien: *Svært viktig – A.*

Skjøtsel og omsyn. Som førre lokaliteten.

Figur 1. Frå Brurastakken -- Skardviknova på Atløyna i Askvoll.



7. Grønebakkane på Atløyna (KP 843 055).

UTM (wgs84): KP 843 055

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 12.10.2004 av Finn Oldervik.

Lokalitetsskildring og artar: Beitemarkane ligg på sørsida av Atløyna og vert brukt av gardane Sætre og Gjerdet. Dei strekkjer seg frå Sætregardane og bortover bakkane mot Gjerdet og Gardvika. Også det flatare området aust (opp) for Sætre vert beita. Lokaliteten er stor og fin med bratte bakkar og kulturminner i form av gamle steingjerdar og murar. Diverre viste det seg at så å seia heile området vert gjødsla med kunstgjødsel (lokal informant). Berre nokre mindre område lengst oppe var u gjødsla. Desse områda var også dårlegare beita enn resten. Mykje av den øvre delen hadde vore beita i eldre tider (lokal informant), men no var desse beitemarkene mest heilt tilgrodd med einer. Eit ganske flatt, litt myrlendt, område ovafor Sætregardane hadde vore ute av hevd ei tid, men var teke i bruk igjen. Også her var det bruka mykje kunstgjødsel. I einskilde mindre områder fanst nokre av dei mest vanlege naturengplantane, slik som finnskjegg og legeveronika. I desse områda vart følgjande beitemarkssoppar funne: Raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*. Dette er alle ganske vanlege artar.

Verdisetting: Slik som lokaliteten ser ut i dag har den ikkje særleg høg verdi som naturbeitemark. Til det er gjødslinga i dei nedre områda for sterk. Likevel er vi av den oppfatning at beitemarka har lokal verdi. Verdivurderinga vert difor; *Lokalt viktig -- C*.

Skjøtsel og omsyn: Denne lokaliteten har mange kvalitetar ved seg, ikkje minst estetisk og kulturhistorisk. Deler av den kan nok også la seg restaurere som naturbeitemark. Opphør av bruken av kunstgjødsel er eit første steg i så måte. Vidare er det truleg muleg å restaurere også dei øvre områda av lokaliteten. Dette krev at det meste av eineren som i dag dominerer her må fjernast. På Losna i Solund har ein kome i gang med slikt restaureringsarbeid og ved å kontakta til dømes Einar Losnagard vil ein sikkert få tips om korleis ein best kan gjera dette. Vidare er det sjølvsagt viktig at beitinga held fram slik som før.

8. Kletten. (KP 880 106).

UTM (wgs84): KP 880 106

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 12.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Liten lokalitet nordvest for Askvoll. Området var fuktig og tydeleg gjødsla. Berre mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea* vart funne av beitemarkssoppar.

Verdivurdering: Ingen særskilt naturverdi: *Uprioriteret*

9. Sørdalen

UTM (wgs84): KP 922 121

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 11.09.1994 av Geir Gaarder og 13.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg på austsida av Eidsfjorden og har truleg vore ein gammal buplass, -- eller at det har stått eit sommarfjøs her. Dei sentrale delane av lokaliteten bar preg av tidlegare gjødsling og var vel meir eller mindre i ein gjengroingsfase med mykje sølvbunke som resultat. Den bratte lia ovafor var også tydeleg beita, men truleg har det vore litt for tørt i år for denne grunnlendte lokaliteten. Av naturengplantar vart notert; Finnskjegg, gulaks, legeveronika, blåklokke, geitsvingel, kattefot, fjellmarikåpe og blåtopp. Av beitemarkssoppar vart berre mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea* funnen. Tidlegare (1994) er imidlertid den sårbare arten grå narremusserong *Porpoloma metapodium* (V) funnen på lokaliteten.

Verdivurdering: Dei øvre delane av denne lokaliteten har truleg vore beita i fleire hundre år utan nokon form for gjødsling. Jorda verkar mager og karrig og ofte er det slike lokalitetar

som kan ha det største artsmangfaldet. Ved å inventera lokaliteten eit seinare år kan det godt vera at ein vil finna mange arter av beitemarkssopp. På grunn av sårbar sopp må lokaliteten verdsetjast som; **Svært viktig—A.**

Omsyn og skjøtsel: Lokaliteten ser ikkje ut til å trenga særleg skjøtsel utanom det den får i dag. Det kan vera at beitepresset er noko svakt no, så nokre fleire dyr på beite i området hadde truleg vore positivt.

10. Stong under Svarthamrane (KP 957 170).

UTM (wgs84): KP 957 170

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 13.10.2004 av Finn Oldervik.

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg innerst i Stongfjorden på øversida av vegen på nordsida. Dette var tydeleg eit område med noko rikare berggrunn enn vanleg i Askvoll.

Plantar som gulsildre og vill-lin på stadar med tynt jorddekke viste dette. Av andre naturengplanter vart notert: svartknoppurt, kystmaure, smalkjempe, kattefot, geitsvingel, gulaks, knegras og lækjeveronika. Følgjande artar av beitemarkssopp vart funne: Skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea*, honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V) og kritvokssopp *Hygrocybe virginea*.

Området bar preg av dårlig beitetrykk, men truleg hadde gjødslinga vore moderat. Mest sopp var det øvst, -- til dels ovafor utmarksgjerdet. Ein skogsveg gjekk gjennom lokaliteten lengst oppe.

Verdivurdering: Funn av sårbar sopp i tillegg til baserik berggrunn gjer at lokaliteten må vurderast til; **Svært viktig – A.**

Skjøtsel og omsyn: Dei seinare åra har tydeleg beitepresset vore alt for svak på denne lokaliteten. Ein bør difor stimulera eigarane til å syta for tilstrekkeleg med dyr som beitar her. Potensialet for funn av fleire raudlisteartar av beitemarkssopp vert vurdert som høgt og lokaliteten har stor restaureringsverdi. Gjødsling må sjølv sagt ikkje førekoma på lokaliteten.

3 Fjaler kommune

I dagane 13. og 14. okt. 2004 vart nokre beitemarker samt eit par andre naturtypar undersøkt i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane fylke. Særleg var ein ute etter å kartleggja fungaen av beitemarkssopp. Svært mange av beitemarkene hadde tydeleg vore hevda i svært lang tid, men dverre hadde det vore bruka eller var framleis bruka kunstgjødsel på dei fleste av beitene. Mange var så tydeleg gjødsla at det var nok å bruka kikkert for å stadfesta at det var slik. Desse vart ikkje undersøkt nærrare og vil heller ikkje verta omtala i denne rapporten. Ein del andre vart fysisk oppsøkt og granska nærrare både med omsyn til flora og funga. Sjølv om berre eit fåtal av beitemarkene hadde lokal verdi eller betre, så vil alle undersøkte få ein kort omtale i dette oversynet. Ein rekognoseringstur innover i Guddalen førte ikkje til funn av verdfulle naturbeitemarker utanom det som er kartlagt tidlegare. Fleire stader vart tilsynelatande fine beitemarker studert i kikkert, men ingen såg såpass lovande ut at ein fann det verdt å gjera ei grundigare inventering.

Følgjande lokalitetar vart grundigare undersøkt:

1. Ekra ved Flekkefjorden (Tidlegare registrert som lok. nr. 142910051)

UTM (wgs84): LP 043 057 ca 80 – 150 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 13. okt. 2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliten ligg aust (opp) for Ekra ved Gråfjellet i Flekkefjorden. Lokaliten var tydeleg beita av kukrøtter, men bar preg av lang tids gjødsling. Gjengroinga var komen langt på lokaliten i tillegg til at den var noko forsumpa. Sjølv om ein i kantsonene kunne finna einskilde naturengplantar, så var artar som sølvbunke og knappsis dominerande i dei sentrale delane. Det var også bygt ein veg gjennom deler av området. Ingen beitemarkssopp vart funne. Ein viser også til registreringar gjort av Bjørn Harald Larsen 01.06.2003.

Verdivurdering: Slik lokaliten framstår no, så verkar den utan særlege biologiske verdiar. Kantsonene er likevel såpass interessante at ein vel å la tidlegare verdivurdering og avgrensing stå uendra; **Lokalt viktig -- C**

2. Gråfjellet ved Flekkefjorden (Tidlegare registrert som lok. nr. 142910020)

UTM (wgs84): LP 044 057 ca 70 – 200 m.o.h.

Hovudnaturtypar: 1. Skog 2. Rasmek, berg og kantkratt. 3. Vilt.

Naturtypar: Rik edellauvskog, Sør vendt berg og rasmek.

Undersøkt: 13. okt..2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: På vestkanten av Gråfjellet ligg det ein delvis overhengande, ganske høg bergvegg. Under denne er det ein del lausmassar (forvitringssmassar) med alm/hasselkog nedom. På grunn av tidsnau vart ikkje flora eller funga granska nærrare på lokaliten, men alm/hasselkogane brukar ofte å vera artsrike. Det vart også observert to flaggermus (truleg nordflaggermus) som var aktive på lokaliten, noko som kan tyda på at enten rasmekane eller kanskje hole tre finnes i området som tener som vinterkvarter for flaggermusa. For vidare opplysninga viser ein til registreringar utført av Bjørn Harald Larsen 01.06.2003.

Verdivurdering: Eige datagrunnlag er for spinkelt for ei sikker verdsetjing av denne lokaliten, men registreringane til B. H. Larsen dokumenterer både rik edellauvskog og sannsynleg hekking av raudlista (sårbar) fugl. Dette er og ein sannsynleg overnatting/overvintringsstad for flaggermus. Verdien må setjast til **Viktig – B**.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliten kunne godt vore undersøkt betre, -- både med omsyn til flora og funga. Det bør også gjerast inventeringar for å få klårlagt om lokaliten er viktig som leveområde for flaggermus og kor vidt kvitryggspetten hekkar der. Inntil vidare bør ein unngå all hogst eller andre inngrep i området.

3. Lammetu (Tidlegare registrert som lok. nr. 142910033. Erstatningsbiotop)

UTM (wgs84): KN 825 – 998

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: Kalkrike strandberg

Undersøkt: 11.04.2003 av Geir Gaarder, 10.06.2003 av Silke Hansen og 11.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Lammetu er ei lita øy lengst vest i kommunen. Under siste verdskrig var det eit lite festningsanlegg på øya. Kring desse bygningane er det ein spesiell flora truleg grunna kalk i mørten. (Desse tilhøva er tidlegare skildra av Geir Gaarder i hans rapport. Sjå lok. nr. 142910033 i naturbasen) I eit lite område på sørvestkanten er det eit areal med tydeleg lettforvitreleg berg. Inventeringa hausten 2004 var gjort for seint på sesongen til at ein kunne få eit tydeleg bilet av plantelivet på staden. Av arter vart det notert; kystgrisøre, kornstorr, geitsvingel, fagerperikum, hårvæve m.m. Dessutan vart det registrert nokre eksemplar ei svært kraftig orkide, uvisst kva for art. Tett ved voks det strandvindel på ein tangvoll. Tidlegare har lokaliteten vore beita, men dette var det no slutt på. Av den grunn var grasmarka på lokaliteten meir eller mindre i gjengroing.

Verdivurdering: Lokaliteten har i eit mindre område noko rikare berggrunn enn det som er vanleg i området. Kalkrike strandberg er lokalt ein sjeldan naturtype. Av den grunn bør området få verdien **C – Lokalt viktig**. På grunn av opphør av beiting har ikkje lokaliteten biologiske kvalitetar som gjer at ein kan karakterisera han som naturbeitemark lenger.

Skjøtsel og omsyn: Om ein ikkje ønskjer å restaurere beitemarkene på Lammetu, så skulle det ikkje vera naudsint med særskilt skjøtsel på øya. Både av omsyn til kulturminna frå krigen og dei kalkrike strandberga bør ein unngå alle inngrep som medfører forstyrring av jord-dekke eller berggrunn. Sjå elles kva Geir Gaarder har skrive om skjøtsel og omsyn.

4. Sagepollen – Haslevika

UTM (wgs84): KP 931 016

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 14. okt. 2004 av Finn Oldervik

Skildring og artar: Lokaliteten ligg på eit nes mellom Sagepollen og Haslevika sørvest for Kysneset i Vilnesfjorden. Slik som dei fleste andre beitemarkene i Fjaler, så var nok også denne noko gjødsla. Likevel var det einskilde områder med litt naturengplanter slik som kystsmaure, gulaks og legeveronika. Av beitemarkssopp vart grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii* funne.

Verdivurdering: Sjølv om sølvbunke delvis var dominerande i fuktige søkk i terrenget, så var det også magrare rabbar som hadde meir preg av naturbeitemark. I og med at det ser ut til å vera få velhevd naturbeitemarker att i Fjaler, så vel ein å setja verdien til **lokalt viktig – C**.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at beitinga held fram på lokaliteten, kanskje med litt auka beitepress samanlikna med no. Vidare må all bruk av kunstgjødsel ta slutt. Slike åtgjerder trur ein vil verka positivt på artsmangfaldet på staden sett i litt lengre perspektiv.

5. Sagepollen

UTM (wgs84): KP 928 015

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtypar: Brakkvasspoll og grunne straumar.

Undersøkt: 14. okt. 2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring: Lokaliteten omfattar brakkvasspollen inst i det grunne fjordsystemet sør for Kysneset i Vilnesfjorden. Pollen har utlaup gjennom to grunne strie straumar. Vegetasjonen er dårleg kartlagt på denne lokaliteten og ein grundigare inventering bør gjennomførast.

Verdivurdering: Brakkvasspollar vil ofte vera noko av dei mest produktive biologiske systema vi kjener i Noreg i dag. Lokalitetane kan danna næringsgrunnlag for store mengder sjøfugl, noko ein trur er tilfelle også med Sagepollen. Dei grunne straumane som fører ut frå pollen vil ha noko av same verdien som sjølege pollene. I tillegg vil desse truleg aldri frysia til

om vinteren, noko som sjølvsagt er ein stor fordel for sjøfugl på næringssøk på denne årstida.

Ut frå generell kunnskap om slike miljø vel ein førebels å setja verdien til; **Viktig -- B**

Skjøtsel og omsyn: Slik det ser ut no, så treng ikkje lokaliteten særskilt skjøtsel. Ein bør unngå alle inngrep som kan endra tilhøva både i dei grunne straumane og pollen. Vidare bør alle former for motorisert ferdsel bli forbode på lokaliteten.

4 Solund kommune

I dagane 15. og 16. okt. 2004 vart ein del beitemarker undersøkt i Solund kommune i Sogn og Fjordane fylke. Særleg var ein ute etter å kartlegga fungaen av beitemarkssopp. Svært mange av beitemarkene hadde tydeleg vore hevda i lang tid, men dverre hadde det vore bruka eller var framleis bruka kunstgjødsel på mange av beitene. Sume var så tydeleg gjødsla at det var nok å bruka kikkert for å stadfesta at det var slik. Desse vart ikkje undersøkt nærmare og vil heller ikkje verta omtala i denne rapporten. Ein del andre vart fysisk oppsøkt og granska nærmare både med omsyn til flora og funga. Sjølv om berre eit fåtal av beitemarkene hadde lokal verdi eller betre, så vil alle undersøkte få ein kort omtale i dette oversynet. Unnateke er dei som berre vart undersøkt på avstand gjennom kikkert.

Følgjande beitemarker vart grundigare undersøkt:

1. Losnegard på Losna

UTM (wgs84): KN 897 825

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 15.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Dette er ein svært gammal gard som i tidleg mellomalder var sæte for ei høgadelsætt (Losnaætti) i Sogn. Ætta hadde si stordomstid på 1200 og 1300-talet, og åtte da store jordeigedomar ymse stadar i Sogn og Fjordane. Dette gjer at ein er trygg på at kulturjorda her har eldgammal hevd. Etter kvart vart Losnegard svært oppstykkja i mindre bruk, -- heile 7. Dette gjorde at lønsemada for alle brukar etter kvart for dårleg til at det var mogleg å skaffa seg ei rimeleg årssinntekt på staden. Dette har ført til at mykje av det som tidlegare var fine beite- og dels slåttemarker gjekk ut av hevd. I motsetnad til mange andre stader, har alle brukar på Losnegard no gått saman om sauehald, slik at jorda igjen er teke i bruk.

Dei mest artsrike naturbeitemarkene ligg ned mot sjøen. Her finn ein nokre ganske skrinne grunnlendte rabbar med naturengplantar som finnskjegg, smalkjempe, lækjeveronika, kattefot, gulaks, tvibustorr, kornstorr, kystmaure, tepperot m.fl. Ein av gardbrukskarane på staden, Nils Losnegard, fortalte at det ikkje hadde vore brukar kunstgjødsel der på om lag 40 år. Heller ikkje på beitemarkene lengre nord har det vore brukar kunstgjødsel dei seinare 10-åra (Einar Losnegård). Soppfugaen viste seg å vera svært rik og artane som vart funne var: Gyllen vokssopp cfr. *Hygrocybe aurantiosplendens* (V) (belegg), skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata* (belegg), skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (DC) (belegg), seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea* (belegg), honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, russelærsvokssopp *Hygrocybe russocoreacea* (DC) (belegg), raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V) (belegg) og kritvokssopp *Hygrocybe virginea*.

Verdivurdering: Funn av minst ein sårbar og 2 omsynskrevjande artar ved eit besøk må reknast som bra. Å finna heile 15 vokssoppartar ved 1 besøk er uvanleg, og det er heller ingen tvil om at lokaliteten har potensiale for fleire artar. Fleire inventeringar i seinare år vil truleg utvida talet på raudlisteartar vesentleg og potensialet må reknast som godt. Beitemarka må få verdien: *Svært viktig -- A*.

Skjøtsel og omsyn: Beitetrykket på lokaliteten verkar å vera noko svakt. Den greiaste måten å ordna dette på er å gjerda inn dei aktuelle områda. Ein kan da halda dyra (sauene) der såpass lenge at det vert skikkeleg snaubeita. Det beste for lokaliteten samla sett, d.v.s at ein tek omsyn både til flora og funga, vil truleg vera å drive med vår- og haustbeite på desse stadane. SMIL-midlar bør vera aktuelt å bruka til oppsetting av gjerde. Verken kunstgjødsel eller anna gjødsel må nyttast på området. Heller ikkje silofor el. liknande må tilførast dyra når dei går der på beiting. Eventuell leplanting bør gjerast i kanten av dyrkamarka.

Figur 2. Parti frå Losnegard. Det var på rabbane ned mot sjøen at den rikaste soppfloraen var å finna.



2. Sommarfjøsmarkane på Losnegard.

UTM (wgs84): KN 893 825

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 15.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Sommarfjøsa for bruksa på Losnegard var plassert øvst oppe i bakkane mot utmarka (sjå biletet). Tidlegare var dette slåttemark, men er no bruksområde for sau slik som resten av Losna. Sjølv om det truleg er mange år sidan det sist vart bruksområde oppe i bakkane her, så viste det seg at nitrofile artar framleis var dominante i store delar av lokaliteten. Årsaka til dette må utan tvil vera tilføring av naturgjødsel frå sommarfjøsa den tida dei var i bruk. Frå liknande tilfelle veit ein at verknaden av slik gjødsling kan halda seg i mange tiår etter at husdyrhaldet er slutt. I kantsoneane byrja det likevel å veksa fram ein planteflora som må karakteriserast som naturengprega. Også trefire artar av dei mest vanlege vokssoppene, slik som kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, vart funne her.

Verdivurdering: Slik desse beitemarkene framstår i dag, så kan dei ikkje verdsetjast til meir enn; **Lokalt viktige – C.**

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at skjøtselen held fram slik som no, gjerne med noko høgare beitepress.

3. Einhaugane på Losna

UTM (wgs84): KN 888 821

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 15.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Dette er ei beitemark på ”sørausthjørnet” av Losna. Beitemarka har tydeleg gammal hevd, men i og med at beitet ikkje har vore bruksområde på ein stund, så har ho

langt på veg vakse att med einer. Dette har ein no stort sett fått bukt med. Mykje av eineren er rydda bort og området er igjen teke i bruk som beitemark. Naturengplanter som; finnskjegg, smalkjempe, lækjeveronika, kattefot, gulaks, kornstorr, kystmaure, tepperot m.fl er vanlege på lokaliteten. Vidare vart følgjande beitemarkssoppar funne: gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata* (belegg), seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea* (belegg), honningvokssopp *Hygrocybe reidii* og kritvokssopp *Hygrocybe virginea*.

Verdivurdering: Sjølv om det ikkje vart funne raudlisteartar her, så må 10 artar av vokssopp likevel seiast å vera bra etter berre ei inventering. Ut frå den typiske naturengstrukturen som lokaliteten har, så trur ein at potensialet for funn av raudlista beitemarkssopp er rimeleg stort i området. At mykje av eineren er rydda bort er sjølvsagt også svært positivt. Likevel vil det truleg ta nokre år før resultatet av dette tiltaket viser seg i form av større artsmangfold når det gjeld beitemarkssopp. Ut frå grunngjevinga ovafor vil ein gje lokaliteten verdien; *Viktig – B.*

Skjøtsel og omsyn: Dei skjøtselstiltaka som er sett i verk (fjerning av einer, samt beiting) er svært positive og bør halda fram. Ein ting er den estetiske opplevinga av eit velstelt kulturlandskap som dei mange som dagleg dreg forbi med ferja vil få, -- like viktig er det at ein får teke vare på det artsmangfaldet som ein finn blant naturengplantar og sopp på slike stader. Slik som elles på øya kunne beitepresset ha vore høgre også på denne lokalitetten.

4. Nedrelia på Losna

UTM (wgs84): KN 885 822

Hovudnaturtype: Kulturmark

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 15.10.2004 av Finn Oldervik.

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg om lag 50 m.o.h. i Einehaugvika (Nedaføre fjellknatten; Skjenen) på sørsida av Losna. Både terreng, planteliv og funga har stor likskap med førre lokaliteten. Naturengplanter som; finnskjegg, smalkjempe, lækjeveronika, kattefot, gulaks, kornstorr, kystmaure, tepperot m.fl er vanlege på lokaliteten. Vidare vart følgjande beitemarkssoppar funne: mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea* (belegg), honningvokssopp *Hygrocybe reidii* og kritvokssopp *Hygrocybe virginea*.

Verdivurdering: Sjølv om lokaliteten liknar mykje på den førre, så trur ein likevel ikkje at denne har same potensialet for funn av raudlisteartar som denne. Heller ikkje er skjøtselstiltak som fjerning av einer sett i verk på lokaliteten. Førebels vel ein å setja verdien til; *Lokalt viktig – C.* Det kan godt vera at oppfølgjande undersøkingar vil føra til at lokaliteten må oppgraderast.

Skjøtsel og omsyn: Også på denne lokaliteten ville fjerning av einer vore eit positivt tiltak. Elles må beitinga halda fram, -- gjerne med noko høgare beitepress.

5. Losnalia

UTM (wgs84): KN 885 824

Hovudnaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog (Vestnorsk utforming av or/askeskog)

Undersøkt: 15.10.2004 av Finn Oldervik.

Lokalitetsskildring og artar: Sjølv om innslaget av ask er mest fråverande, så vel ein likevel å føra lokaliteten inn under denne naturtypen. Eigentleg er vel innslaget av alm større enn innslaget av ask. Oppom beitemarkene ned mot sjøen, er det meste av sørsida av Losna tilvakse med svartor, litt ask og alm, og særlig når ein kjem litt høgre, også bjørk. Det finst også eit par stadar der det veks litt barlind. Sjølv om skogen einskilde stader kan verka noko gammal med innslag av litt daudved, så vart det ikkje funne råtevedsoppar av særlig interesse. Feltsjiktet må i einskilde områder karakteriserast som frodig. Skoggrønaks var ein karakterart i desse områda. I andre områder var storfrytle, einstape og liknande arter dominante. I dei områda av lokaliteten som vart undersøkt fann ein verken myske eller sanikel.

Verdivurdering: Naturtypen er lite utbreidd i regionen. Verdien blir difor sett til; *Viktig – B*

Skjøtsel og omsyn: Så vidt ein kan sjå, så treng ikkje skogen her særskilt skjøtsel. Det beste er å la den få vera i fred for alle menneskelege inngrep. Framhald av beiting i området må sjåast på som positivt.

Figur 3. Frå Losnalia i Solund



6. Trovågen på Ytre Sula

UTM (wgs84): KN 6882 7089 ca 40 m.o.h

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 16.10.2004 av Finn Oldervik.

Lokalitetsskildring og artar: Ein viser også til undersøkjingar som vart gjort av Geir Gaarder 27.09.2003. Beitemarka som vart undersøkt i 2004 ligg rett nord for den vesle tettstaden Trovågen søraust på Ytre Sula. Noko av det som i dag vert nytta som beitemark, har tydeleg vore nytta som slåttemark tidlegare. Av naturengplantar på lokaliteten kan nemnast: finnskjegg, smalkjempe, kystmaure, gulaks, lækjeveronika, tepperot, fjellmarikåpe m.fl. Av beitemarkssopp vart det funne: kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, skarlakenvokssopp *Hygrocybe punicea*, raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V), engvokssopp *Hygrocybe pratensis* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*. (Alle desse artane vart også funne av Geir Gaarder i 2003)

Verdivurdering: Sjølv om dei fleste artane av beitemarkssopp som vart funne her var ganske vanlege, så må 10 vokssoppartar og av dei ein sårbar art, reknast som bra etter ei inventering. Elles såg det ut til at beitemarka var lite gjødsla, -- i alle fall dei seinare åra. Funn av raudlista sårbar sopp tilseier at lokaliteten må verdsetjast som; *Særs viktig -- A*.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at beitinga vert oppretthalden på lokaliteten om lag i same omfang som no. Om naudsint må ein gå inn med offentlege midlar for å stimulera brukarane/eigarane til å halda fram med sauedrifta. Bruk av gjødsel, og da særleg kunstgjødsel, må ikkje førekoma her.

7. Daløyna (Rånoyna)

UTM (wgs84): KN 7063 7653 ca 100 m.o.h

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 16.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg søraust for riksvegen om lag der øya er høgst. Området var fint beita og på avstand såg det lovande ut med tanke på naturengplantar og

beitemarkssopp. Ved nærmere undersøkingar viste det seg diverre at kunstgjødsel hadde vore bruka, truleg i mange år. Typisk vart det ikkje funne ein einaste beitemarkssopp på lokaliteten.
. Verdisetjing: Uprioriteret.

8. Hardbakken, nord

UTM (wgs84): KN 754 786 ca 20 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 16.10.2004 av Finn Oldervik.

Lokalitetsskildring og artar: Ganske stor, velbeita beitemark/natureng vest for riksvegen nord for Solund. Sentrale deler av området har truleg vore overflatetdyrka og mesteparten har vore bruka som slåttemark. På dei sentrale delane har det tydeleg vore bruka både naturgjødsel og kunstgjødsel tidlegare. No ser det imidlertid ut til at gjødslinga er svak/fråverande. Kantsonene og meir perifere deler av lokaliteten ser ut til å ha unngått gjødsling. I desse områda fann ein naturengplanter som; finnskjegg, smalkjempe, kystmaure, gulaks, lækjeveronika, tepperot m.fl. I eit område (KN 7551 – 7873 ca 20 m.o.h) med mykje finnskjegg vart den sårbare soppen; raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V) funnen. Av beitemarkssoppar elles; kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis* og honningvokssopp *Hygrocybe reidi*.

Verdivurdering: Lokaliteten ser velbeita og fin ut. Funn av sårbar sopp tilseier at verdien vert sett til; *Særs viktig – A*.

Skjøtsel og omsyn: Det er viktig at skjøtselen held fram om lag slik som no, -- gjerne med noko hardare beitepress, særleg i utkantane av lokaliteten. Vidare bør ein prøva å unngå at lokaliteten vert utsett for fragmentering av veg- og bustad-bygging, noko ein såg svake tendensar til alt no. Dette kan lett føre til at dei områda som er mest artsrike på beitemarkssopp vil koma ut av hevd. Gjødsling eller andre inngrep må unngåast på lokaliteten.

9. Kråkevågen – Kråkåsen (KN 819 800) Rike hasselkratt.

UTM (wgs84): KN 819 800

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rike hasselkratt

Undersøkt: 16.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Bruka innerst i Kråkevågen ligg som ein liten oase mellom til dels nakne fjell og elles karrig natur. Fjella både i nord, aust og vest skjermer for vind og ver, samtidig som dei verkar som varmesamaralar nede i den gryta som bruka ligg. Dette skapar eit gunstig lokalklima, truleg med temperaturar som ligg godt over det som elles er vanleg i området. Dette har skapt såpass gunstige tilhøve at vi her finn det som kanskje er einaste hasselskogen i Solund kommune. Lokaliteten er ikkje særleg stor og hasselen er noko "oppblanda" med bjørk og osp. Det vart også observert eit par gamle eiker, samt litt ask i området. På grunn av tidsnauð vart ikkje feltsjiktet på denne lokaliteten undersøkt. Ei slik inventering bør helst gjerast noko tidlegare på året.

Verdivurdering: Sjølv om lokaliteten er liten, så er slike hasselskogar svært sjeldan i Ytre Sogn, i alle fall så langt vest. Ein må difor setja verdien til; *Viktig – B*.

Skjøtsel og omsyn: Truleg er vedhogst i særleg omfang lite gunstig på denne lokaliteten. Forsiktig uttak av litt bjørk vil likevel neppe vera til særleg skade. Såframt beitinga av sauene i området ikkje vert så hard at ho går ut over rekrutteringa av nye hasseltre, så kan slik aktivitet truleg halda fram slik som før.

10. Hagelva

UTM (wgs84): KN 8050 8485 ca 50 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Beitemark

Undersøkt: 16.10.2004 av Finn Oldervik

Lokalitetsskildring og artar: Beitemarka ligg tett ved vegen, rett nord for Hagelva mellom Hagevatnet og Hagefjorden. Beitemarka ser ganske fin ut, men er tydeleg gjødsla. Sjølv om ein på meir karrige rabbar kunne finna artar som finnskjegg og liknande, så var inntrykket likevel at denne lokaliteten neppe kunne karakteriserast som naturbeitemark. Einaste vokssoppen som vart funnen her var; honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Verdivurdering: På grunn av ein sauver som tok oppgåva si med å passa på flokken av soyer svært alvorleg, så måtte inventeringa avsluttast i all hast. Ein meiner at grunnlaget for ei sætande verdsetting likevel er til stades. Lokaliteten er for sterkt prega av gjødsling til at den kan gjevast nokon verdi. *Uprioritert.*

5 Gulen kommune

Den 29. september og 17. og 19. oktober 2004 vart det leita etter verdfulle naturbeitemarker i Gulen kommune. Under feltarbeidet 17. og 19. oktober vart det fleire stadar i kommunen funne beitemarker som på noko avstand såg fine ut, men som ved nærmere ettersyn viste seg å vera gjødsla. Dessverre var det også mange tidlegare beitemarker der gjengroinga var komen svært langt. Særskilt aust for Eivindvik vart det observert fleire slike lokalitetar. Det er mogleg at nokre av desse kunne ha vore restaurert, men tidsnaud gjorde at ein ikkje kunne gå inn på ei nærmere vurdering av dette. Under kartlegginga 29. september vart arbeidet konsentrert om austsida av Eidsfjorden, samt Yndesdalen og dalføret ned mot Brekke. Ved denne registreringa vart det funne fleire beitemarker med måteleg til ganske godt beitetrykk, og som truleg ikkje har vore alt for mykje gjødsla. Artsmangfaldet var likevel svært sparsamt, noko den spesielt høge nedbøren i distriktet truleg må ta mykje av skylda for. Berre to lokalitetar vart registrerte som interessante, og desse har berre fått verdi som lokalt viktig (ein av desse var også kjent frå før).

Ein ser likevel ikkje bort frå at ein ved ei inventering med mindre tidspress og kanskje litt tidlegare på sesongen, ville ha funne fram til verdfulle beitemarker også i denne kommunen. M.a. hadde det lite for seg å undersøkja seterområde såpass seint på året grunna nattefrost.

1. Høyvika nord

UTM (wgs84): KN 903 560 ca 30-40 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 29. september 2004 av Bjørn Harald Larsen

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg på austsida av Eidsfjorden rett nord for Høyvik. Det var fint beita på lokaliteten og trass i at det tydeleg var gjødsla, så var det nokre av dei vanlegaste naturengplantene einskilde stadar. Men det vart ikkje funne beitemarkssopp her. Lokaliteten er ganske liten og saman med mangelen på beitemarkssopp, gjer at ein ikkje har funne det rett å prioritera han.

Verdivurdering: Slik lokaliteten framstår no, så er den utan spesielle biologiske verdiar.

2. Dalsdalen: Hamreskorane

UTM (wgs84): KN 924 618 ca 120-200 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 29.09.2004 av Bjørn Harald Larsen.

Lokalitetsskildring og artar: Dalsdalen deler seg i to, og det vart utført registreringar på vestsida av den nordre armen og på ryggen mellom dei to dalane. Det er store, meir eller mindre ugjødsla beitemarker i den nordre armen og dels over i dalen som går meir austover. Beitepresset er for svakt, og det er tydelege tendensar til gjengroing. Dei beste områda var på vestsida av den nordre dalen, et stykke opp i lia. På knauser og område med tynt jordsmonn vart det her funne nokre av dei vanlege beitemarkssoppene; slik som gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea* og elfenbeinshette *Mycena flavoalba*.

Lokaliteten er tidlegare skildra av Helle (1991), som har hatt ein felles lokalitet for beitemarkene både på aust- og vestsida av dalen her. Beitemarkane på austsida har tidlegare vore undersøkt av oss (Geir Gaarder 02.10.2003), og er i kartlegginga av biologisk mangfald i Gulen gitt eige nummer (nr 29 med verdi viktig - B).

Verdivurdering: Dei store areala med (i parti) ugjødsla beitemark gjer at lokaliteten, på trass av lite mangfald, bør få verdien *lokalt viktig* - C.

Skjøtsel og omsyn: Det viktigaste for å bevare og utvikle naturverdiane på lokaliteten er at beitepresset vert auka.

3. Yndesdalen: Yndesdalen

UTM (wgs84): LN 040 622 ca 120-160 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 29.09.2004 av Geir Gaarder.

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg på nordsida av Yndesdalsvatnet, i den vesle bygda Yndesdal. Her er det parti med grunnlendt, men ganske godt beita enger der det går storfe. Truleg har engene vore noko gjødsla, men arter typiske for mager mark er likevel vanlege. Det vart ikkje funne beitemarkssopp her. Årsaka er truleg særleg dei sær høge nedbørsmengdene, dels i kombinasjon med grunnlendt mark og eventuelt også gjødsling. Det var også få naturengplanter. Vi finn det difor ikkje rett å prioritere han som eit biologisk verdfullt kulturlandskap.

Verdivurdering: Slik lokaliteten framstår no, så er den utan spesielle biologiske verdiar.

4. Yndesdal: Verkland

UTM (wgs84): LN 068 638 ca 300-340 m.o.h.

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Naturbeitemark

Undersøkt: 29.09.2004 av Geir Gaarder.

Lokalitetsskildring og artar: Lokaliteten ligg øvst i den vesle dalen aust for Yndesdalsvatnet, ovafor gardsbruka på Verkland. Her er det ein del opa beitemark som vert beita av m.a. sau, storfe og ein og annan hest. Beitemerket verkar ganske godt og i det minste delar av markene har truleg vore lite gjødsla. Det er likevel svært fuktig her og myr- og fuktengplantar er vanlege også på ganske godt drenert mark. Naturengplantar er det lite av, men m.a. finnskjegg og kystmaure førekjem. Det vart ikkje funne beitemarkssopp her.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi lokalt viktig – C, sidan den er ganske stor og framleis i god hevd. Førekomsten av kravfulle artar ser likevel ut til å vere dårlig.

Figur 4. Parti frå Eivindvik



Kjelder

- Bendiksen, E., Høiland, K., Brandrud, T. E. & Jordal, J. B. 1997. Truete og sårbare sopparter i Norge en kommentert rødliste. *Fungiflora*. 221 s.
- Boertmann, D. 1995. Vokshatte. Nordeuropas svampe – bind I. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1999a. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3.
- Direktoratet for naturforvaltning. 1999b. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 – 1999. 238 s. + 6 vedlegg.
- Ekstam, U & Forshed, N. 1992. Skötsel av naturtyper. Om hävden ophör. Kärväxter som indikatorarter i ängs- och hagmarker. Naturvårdsverket i Sverige. 135 s.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.
- Gulden, G., Bendiksen, E., Brandrud, T. E., Ryvarden, L., Sivertsen, S. & Smith, O. 1996: Norske soppnavn. *Fungiflora*. 137 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1992. Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. - Nordsvamp, København, 474 pp.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1997. Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphylophoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 2000. Nordic Macromycetes Vol. 1. Ascomycetes. Nordsvamp, København, 309 s.
- Helle, T. 1991. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gulen kommune. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport 17. SFdh, avd. landskapsøkologi. 105 s.
- Jordal, J. B. 1997. Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s.
- Noordeloos, M. E., 1992: *Entoloma s.1. Fungi Europaei* 5. Saronno, Italia. 760 pp.
- Noordeloos, M. E., 1994: Bestimmungsschlüsse lzu den Arten der Gattung *Entoloma* (Rötlinge) in Europa. IHW – Verlag, Eching.
- Ryman S. & Holmåsen, I. 1984. Svampar. Interpublishing, Stockholm. 718 s.

Munnlege kjelder:

NL = Nils Losnegard
EL = Einar Losnegard